

FJORD KOMMUNE
Postboks 144
6211 VALLDAL

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 20/01233-68

02.10.2025

Ark.: 326.12

Oppstart av namnesak 2025/192 – fjellnamnet *Namnløysa* med fleire i Fjord kommune

Fjord kommune har bedt Kartverket om å starte namnesak for fjellnamnet *Namnløysa*, jf. brev datert 26.09.2025. *Namnløysa* er føreslått som namn på eit hittil namnlaust fjell i Fjord kommune, like ved grensa til Stranda kommune. Kartverket nyttar samstundes høvet til å reise namnesak for to namn som har skrivemåtestatusen 'føreslått' i Sentralt stadnamnregister (SSR); *Holmehals* og *Medalen*. Vi tar også med namnet *Mefjellet* i tråd med § 8 i forskrifta. For *Mefjellet* ønsker vi også ei avklaring om posisjon. Saka blir tatt opp for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk, og for å avklare om fjellnamnet *Namnløysa* skal bli formalisert.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld følgjande namn med variantar av skrivemåtar:

- | | |
|-------------------------------------|-------|
| • Namnløysa (føreslått namn) | fjell |
| • Holmehals/Holmhals | gard |
| • Medalen | dal |
| • Mefjellet | fjell |

Om namna

Namnløysa

Namnet har vore i bruk sidan 2010 ifølgje dei opplysningane Kartverket har fått. Dette er altså eit ganske nytt namn, og normalt tar vi ikkje slike namn inn i SSR. Stadnamn veks fram gjennom bruk, og i *Handbok for namnebehandling* kapittel 7.3.1 står det om namnsetjing av naturlokalitetar at «Namnet kan takast i offentleg bruk dersom tradisjonen for namnet blir dokumentert». Vi vurderer det slik at *Namnløysa* ikkje har vore i bruk lenge nok til at det kan bli fastsett på vanleg måte.

I *Handbok for namnebehandling* kapittel 7.3.2 står det også at «Kommunen kan i samråd med Kartverket setje namn på namnlause naturlokalitetar, men det føreset at lokaliteten ikkje har eit namn frå før. Det kan vekse fram lokale behov og ønske om namn på lokalitetar t.d. på grunn av endringar i infrastruktur, ferdselsmønster og busetnad, og då trengst ein prosedyre for å formalisere slike namn».

Eit viktig poeng med denne saka er å få avklart **om fjellet har eit namn frå før**. Kartverket til no ingen opplysningar som tyder på at det finst eit anna, nedervd namn på fjellet. Vi ønsker innspel om dette frå lokalbefolkninga. Vi ønsker også tilbakemelding på **om namnet «Namnløysa» er kjent og bruka av folk i området**, eller om det er nytta i ein så liten brukarkrins at det ikkje er grunnlag for å formalisere namnet for offentleg bruk. Vi ønsker også innspel frå folk i Stranda kommune ettersom fjellet ligg nært kommunegrensa.


■ www.kartverket.no

Fjord kommune skriv følgjande i brev datert 26.09.2025:

«Namnet «Namnløysa» har vore i bruk av lokale eldsjeler gjennom nokre tiår, men ikkje lenge nok til at fastsetjing av namnet kan skje etter stadnamnlova §2, d (*nedervd stadnamn: stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar*).

Vi kan ikkje sjå at fjelltoppen har namn frå før. «Brattløyfta» strekkjer seg nære toppen i nokre kartgrunnlag. Ut i frå ordlyden kan dette vere sjølve vegen mot toppen. Toppen ser ut til å ha vore eit nytta turmål og ein godt synleg topp frå fleire hald. Det er såleis grunnlag for å få avklara namnet.

Kommunen ber kartverket starte namnesak på fjelltoppen etter Stadnamnlova §6 a med namneforslaget «Namnløysa».



Forslaget om *Namnløysa* har kome frå Ivar Grønningsæter. Han skriv i brev datert 31.01.2025:

«Sidan dette fjellet ikkje er namnsett på kart, har det frå mi side vore ønskje om å finne eit eigna namn. Denne idèen vart for mange år sidan lufta med fleire i lokalmiljøet. Eitt av dei høgaste fjella på Sunnmøre, Torvløysa, 1850 moh, er nær nabo i same område, og ligg berre om lag 2,6 km unna. Det var difor naturleg å tenkje namnsetjing «i same gate» som namne-endinga på Torvløysa («-løysa»), altså ein stad som mangla noko. Sidan Torvløysa manglar jordsmonn/*torv*, og det namnlaus fjellet mangla *namn*, var det nærliggande å kalle fjellet «*Namnløysa*». Dette namnet konkurrerer ikkje med noko namn i nærleiken, og det kan såleis ikkje skape samanblanding eller verte mistyding om kva fjell det er snakk om. Det er heller ikkje uvanleg med namn med *Namnlaus*-/*Namnløs* på naturlokalitetar andre stader, i norgeskart.no finst det over 30 slike namn. På Dovre ligg til dømes *Namnlauskollen*.

Med dette som bakgrunn, foretok vi ein lokal «fjelldåp» den 4. september i 2010: Då gjekk eg i lag med Inge Relling, Bjørn Relling og Beate Rabben Sperre opp Brattløyfta frå Storvatnet til denne toppen, og "døyppte" fjellet «*Namnløysa*». I ein reportasje i Storfjordnytt av 16.september same år skreiv eg dette: "*Deretter var det høgtideleg dåp. Karane tok av seg huene og erklærte. "Frå denne dag skal namnet ditt vere Namnløysa. Må hell og lukke følge deg i fjellheimen til Dovre fell!" Og so song dei første verset av "Dei gamle fjell i syningom."* Etter den tid har namnet vore brukt i bygda Norddal. Denne dåpen var òg omtala i Sunnmørsposten».

Holmehals/Holmhals

Holmhals er registrert som undernamn på gnr. 156 (tidlegare 105) ved Stordal. Til dagleg kallast garden *Øvstholmen*, som står som hovudnamn i SSR. Skrivemåten *Holmhals* er registrert i SSR med status 'godkjent', medan *Holmehals* har status 'føreslått'. I matrikkelen er skrivemåten *Holmhals* nytta. På kart står berre namnet *Øvstholmen*. Både *Holmhals* og *Holmehals* er nytta i bygdebøker og liknande. Vi ser i SSR at vanleg samansetjing for namna i nærleiken er *Holme-* med binde-*e*, til dømes *Holmesætra*, *Holmehornet*, *Holmefonna*, *Holmeaksla*, *Holmeneset* osv. Berre *Holmhals* har skrivemåte utan binde-*e*. **Vi ønsker innspel om kva som er den nedervde, lokale uttalen av namnet.**



Medalen og Mefjellet

Medalen og *Mefjellet* er tatte med i saka etter innspel frå Arne Nydal. Namnet *Medalen* har så vidt vi kan sjå ikkje vore i offentleg bruk tidlegare, men er no registrert med skrivemåtestatus 'føreslått' i SSR. Namnet er omtalt i fleire bygdebøker. *Mefjellet* er registrert med skrivemåtestatus 'godkjent' i SSR. Vi har fått fleire opplysningar om at posisjonen på dagens kart kan vere feil, men finn elles lite informasjon som kan stadfeste posisjonen. *Mefjellet* har stått på alle utgåver av Norge 1:50 000 og på 2. utgåve av økonomisk kart med den posisjonen som er registrert i dagens kart. **Vi ønsker tilbakemelding på om namnet Medalen er i bruk, og på kva som er rett posisjon for Mefjellet.**

Arne Nydal skriv i brev datert 20.08.2025:

«I den sydlege enden av Daurmålsfjellet har vi Mefjellet og Medalen. Medalen har ikkje fått namnet sitt på kartet og Mefjellnamnet er feil, ev. unøyaktig, plassert. Frå Torvløyse-massivet går ein rygg (egg) nordaust bort til ein markert topp i landskapet, denne toppen er det som lokalfolket alltid har kalla Mefjellet (lokalt Mefjellje). Høgde anslått ved interpolering til ca. 1423 moh. Eg viser til kart og foto under. [...]

Medalen som ligg mellom Mefjellet og Torvløysfoten er ikkje notert på kartet. Den vesle dalen er såpass markert at den godt kunne ha vore med. Knøstelva har sitt utspring her, og tidlegare låg her isbrear etter siste istida. Dei er truleg så godt som borte no, men vegetasjonen og grunnen er markert og prega av issmeltinga. Eg ber om vurdering om mine opplysningar er nok til at namnet Medalen kan innsetjast på kartet etter Stadnamnlova, eller må takast opp med kommunen. Mefjellet må i alle fall plasserast på rett plass».



Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn og nedervde gards- og bruksnamn. Før vi gjer vedtak, har kommunen rett til å uttale seg. Eigarar og festarar har rett til å uttale seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet blir uttalt på ulike måtar, bed vi om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skyggje for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vere retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må difor setje på vent eventuelt pågåande saker som gjeld adressenamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamnet. Kommunen må ta omsyn til den vedtatte skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjere vedtak.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjere at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å hente inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Kvar av partane (inkl. kommunen) har to månader på seg til å gje høyringssvar, frå dei mottar brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonsleiar

Helle Janss Haugli
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET
STRANDA KOMMUNE
Ivar Grønningsæter
Arne Nydal